



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	25.11.2019
Kl.	10:00 – 13.40

Faste medlemer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H

Forfall til møtet:

Gunhild Berge Stang, V
Hilmar Høl, Ap

Varamedlemer til stades:

Norvalv Distad, H

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Helen Hjertaas til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Munnlege orienteringar:

I tilknyting til sak 96/19 orienterte fylkesrådmannen om status når det gjeld overføringa av aksjar fra Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane.

Styreleiar i Ferde AS, Paul M. Nilsen, orienterte om selskapet i lys av mediaoppslag den seinare tid. Presentasjonen han orienterte utifra er journalført i ESA 19/9882-5.

Fylkesvaraordføraren orienterte om Arena Cluster (Norwegian Innovation Clusters).

Fylkesordføraren orienterte om KS heidersbevis (medalje og merke) og bad fylkesrådmannen sjekke om det er folkevalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune som er i posisjon til å kunne bli tildelt beviset.

Fylkesordføraren orienterte frå eigarmøte og representantskapsmøte i Trivselshagen IKS 21. november.

Fylkesrådmannen orienterte om søksmål frå Mesta AS i samband med sluttoppgjeret for rehabilitering av Hovdetunnelen i Høyanger kommune.

Møtebok Fylkesutvalet 23.11.2015

Etter spørsmål fra Bjørn Erik Hollevik orienterte Aleksander Øren Heen, Nortalv Distad og Trude Brosvik om status når det gjeld snøggbåtkonkurransen, jf. fylkestinget sitt vedtak i sak 10/19.

Fylkesutvalet bad fylkesrådmannen avklare til neste møte om det vil vere høve til å kjøpe politikar-PCár.

SAK 96/19 Nominering av styremedlemer til Sogn og Fjordane Holding AS

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak i sak 93/19:

- 1 Fylkesutvalet peikar ut følgjande tre personar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS:
 - 1)
 - 2)
 - 3)

Varamedlem:

- 2 Fylkesutvalet peikar ut følgjande to personar til ei valnemnd som skal finne fram til to styremedlemer og éin varamedlem på vegner av aksjonærane i aksjeklasse B:
 - 1)
 - 2)
- 3 Fylkesutvalet sitt vedtak, jf. pkt. 1 og 2, føreset at fylkestinget slutter seg til fylkesutvalet sin tilråding i sak 78/19 når det gjeld § 5 i vedtekten til Sogn og Fjordane Holding AS.

Fylkesutvalet gjorde i møte 07.10.19 slikt vedtak i sak 93/19:

Fylkesutvalet utset handsaminga av punkt 1 til fylkesutvalet sitt møte 25. november 2019.

Fylkesutvalet peikar ut følgjande tre personar til ei valnemnd som skal finne fram til to styremedlemer og éin varamedlem på vegner av aksjonærane i aksjeklasse B og tre styremedlemmar og éin varamedlem på vegner av aksjonæren i aksjeklasse A.

Sigurd Reksnes, Åshild Kjelsnes og Noralv Distad

Fylkesrådmannen stiller med sekretariat.

Handsaming i møte 25. november 2019, sak 96/19:

Fylkesutvalet fann Bjørn Erik Hollevik, Jenny Følling og Trude Brosvik inhabile til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.

Arnstein Menes møtte som varamedlem for Jenny Følling.

Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes var møteleiar.

---//---

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg:

Fylkesutvalet peikar ut følgjande tre personar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS:

- 1) Bjørn Erik Hollevik
- 2) Hilmar Høl
- 3) Jenny Følling

Varamedlem: Trude Brosvik

Styreleiar: Jenny Følling

Avrøysting:

Fylkesutvalet sitt framlegg vart samråystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet peikar ut følgjande tre personar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS:

- 1) Bjørn Erik Hollevik
- 2) Hilmar Høl
- 3) Jenny Følling

Varamedlem: Trude Brosvik

Styreleiar: Jenny Følling

SAK 97/19 Høyring - NOU 2019:16 Skattlegging av vasskraftverk

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjev slik uttale til Kraftskatteutvalet sin rapport:

1. Fylkesutvalet meiner utvalet sine tilrådingar bryt med ein hundreårig samfunnskontrakt mellom distrikta som produserer vasskraft og område som for forbruker vasskraft ved å sette produksjonskommunane i ein dramatisk økonomisk situasjon.
2. Fylkesutvalet meiner utvalet sine tilrådingar ikkje gjev insentiv til investeringar i fornybar vasskraft.
3. Fylkesutvalet ser det slik at utvalet sine tilrådingar bør leggjast bort.
4. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen si saksutgreiing.

Endringsframlegg:

Arbeidpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Avsnitt 2 under «oppsummert» i saksutgreiinga går inn som punkt 1 i vedtaket.

Avsnitt 5 under «oppsummert» i saksutgreiinga går inn som punkt 2 i vedtaket.

Åshild Kjelsnes sette fram slikt framlegg til nytt punkt 3:

Fylkesutvalet ser det slik at utvalet sine tilrådingar slik dei no ligg føre må leggast bort.

I vidare vurderingar av skattlegging av kraftverk må det vere representasjon av dei involverte partane, slik som t.d. energinæringer og kraftkommunar/fylker.

Fylkesordføraren sette fram slikt framlegg til innleiing under nytt punkt 4:

Vasskraft gjev større langsiktig verdiskaping for samfunnet og ofte mindre naturinngrep.

Fylkeskommunen krev eit skatteregime som stimulerer det som gjev mest samfunnsnytte.

Aleksander Øren Heen sette fram slikt framlegg til nytt punkt 4, etter innleiinga:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det må gjerast endringar i konsesjonslova slik at vindkraft, både til lands og til havs, må avgje konsesjonskraft og på sikt bli underlagd eit skatteregime etter modell frå vasskraft som sikrar fortsatt utbygging og inntekter til felleskapen lokalt. For vindkraft til havs bør skatt og konsesjonskraft gå til fylket som ligg nærmast der krafta blir produsert.

Avrøyting:

Alle endringsframlegga vart samråystes vedtekne.

Punkta 1, 2 og 3 i fylkesrådmannen si tilråding fekk ingen røyster.

Punkt 4 i fylkesrådmannen si tilråding vart samråystes vedteke som nytt punkt 5.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjev slik uttale til Kraftskatteutvalet sin rapport:

1. Fylkesutvalet meiner føreliggjande tilrådingar representerer eit dramatisk brot på den samfunnskontrakt vi har hatt mellom stat, kraftutbyggjar og vertskommune i meir enn hundre år. Kommunane har stilt sine naturressursar til rådvelde og har difor krav på ei varig og lovbestemt motyting for dei inngrepa som er gjort i naturen.
 2. Fylkesutvalet støttar energibransjen i at det er utforminga av grunnrenteskatten som hindrar gjennomføring av lønsame investeringar i modernisering og utvidingar av gamle kraftverk. Forslaga frå utvalet gjev ikkje incentiv til nye investeringar frå kraftselskapa, heller tvert om. Frå kommunane si side vil det kunne gje grunnlag for lokal motstand mot elles ynskte utbyggingar.
 3. Fylkesutvalet ser det slik at utvalet sine tilrådingar, slik dei no ligg føre, må leggast bort. I vidare vurderingar av skattlegging av kraftverk må det vere representasjon av dei involverte partane, slik som t.d. energinæring og kraftkommunar/fylker.
 4. Vasskraft gjev større langsiktig verdiskaping for samfunnet og ofte mindre naturinngrep. Fylkeskommunen krev eit skatteregime som stimulerer det som gjev mest samfunnsnytte. Fylkeskommunen meiner det må gjerast endringar i konsesjonslova slik at vindkraft, både til lands og til havs, må avgje konsesjonskraft og på sikt bli underlagd eit skatteregime etter modell frå vasskraft som sikrar fortsatt utbygging og inntekter til felleskapen lokalt. For vindkraft til havs bør skatt og konsesjonskraft gå til fylket som ligg nærmest der krafta blir produsert.
 5. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen si saksutgreiing.
-

SAK 98/19 Namn på ny tunnel, fv. 53 Ljoteli

VEDTAK:

Namnet på den nye tunnelen på fv. 53 Ljoteli i Årdal kommune vert Ljotelitunnelen.

SAK 99/19 Fråvik fv. 609 Rivedal i Askvoll kommune - fråvik frå krav til sikt i kryss

VEDTAK:

Det vert gjeve fråvik frå krav til sikt i kryss på fv. 609 ved Rivedal i Askvoll kommune.

SAK 100/19 Fv. 5442 Krokevasselva bru i Høyanger kommune, fråvik frå krav til parallelt rekkverk

VEDTAK:

Det vert gjeve fråvik frå krav til parallelt rekkverk på Krokevasselva bru.

SAK 101/19 Områdegjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet

VEDTAK:

1. Fylkeskommunane stør ein heilskapleg gjennomgang av verkemiddelapparatet.
 2. Fylkeskommunane legg til grunn at endringane vil støtte opp under måla med regionreforma og stø fylkeskommunane si regionale samfunnsutviklarrolle.
 3. Fylkeskommunane sin eigardel i Innovasjon Norge bør behaldast, ev. styrkast.
 4. Fylkeskommunane gjer framlegg om ein alternativ modell, basert på dagens arbeidsmåtar (jf. kap. 5 i saksframstillinga).
 5. Fylkeskommunane sitt høve til å påverke utforminga av nasjonale verkemiddel må styrkast gjennom utforming av nasjonale programstyre, der fylka vert gjevne reell påverknad.
 6. Fylkeskommunane må få høve til å disponere næringsretta økonomiske verkemiddel frå staten til bruk i aktivitetar som stør fylkeskommunane sine oppgåver relatert til strategisk retning, mobilisering og koordinering.
 7. Fylkeskommunane stør at Siva vert lagt inn i Innovasjon Norge.
 8. Fylkeskommunane stør at den nasjonale reiselivsprofileringa vert utgreidd med mål om å skilje denne ut i eiga eining.
 9. Fylkeskommunane meiner mandatet i områdegjennomgangen er for snevert og ber om at også andre ordningar og virkemiddel vert vurderte, t.d. ordningar under Enova og kompetansevirkemiddel.
 10. Fylkeskommunane finn det naturleg å ta ei rolle i utviklinga av nye kunnskaps- og innovasjonssenter gjennom å overta delar av eigedomsdelen i Siva.
 11. Fylkeskommunane vil også understreke betydninga kommunane har for gründarar og næringslivet elles.
 12. Fylkeskommunen forventar å bli direkte involvert i den vidare prosessen.
-

SAK 102/19 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - utviding av låneavtale

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen utvider det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet til Opplæringsfartøy AS frå 3 til 5 mill. kr, med gjeldande vilkår.
 2. Låneavtalen for det samla lånet på 5 mill. kr gjeld fram til 31.12.2021. Ved ev. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.
 3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne låneavtalen.
 4. Utvidinga av lånet med 2 mill. kr vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
-

SAK 103/19 Endringar i budsjettet for 2019

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:

A. Det vert gjort slik endringar i driftsbudsjettet for 2019

- 1 Statlege overføringer vert auka med 0,764 mill. kr
- 2 Renteinntekter vert auka med 36,500 mill. kr. Avsetting til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.
- 3 Budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:

Renteinntekter:	46,840 mill. kr
Renteutgifter:	55,000 mill. kr
Avdrag:	91,157 mill. kr
- 4 Budsjettet utgifter til pensjon vert auka med 3,050 mill. kr
- 5 Teneste 4210 Bygg og egedomsforvaltning vert redusert med 1,200 mill. kr
- 6 Teneste 4800 Juridisk honorar og rettssaker vert redusert med 2,600 mill. kr
- 7 Teneste 5101 Vedlikehalde av skulebygg vert auka med 1,200 mill. kr
- 8 Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 0,570 mill. kr
- 9 Teneste 5611 PP-tenesta vert auka med 0,930 mill. kr. Bruk av disposisjonsfond vert auka med 0,360 mill. kr.
- 10 Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi vert auka med 0,860 mill. kr
- 11 Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,250 mill. kr
- 12 Teneste 7015 Nyskaping vert redusert med 2,310 mill. kr
- 13 Teneste 7019 Andre næringsområde vert auka med 0,200 mill. kr
- 14 Samla vert driftsbudsjettet saldert med avsetting til bufferfondet med 0,314 mill. kr

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019

- 15 Prosjekt NY237 Flora idrettssenter vert auka med 0,800 mill. kr. Bruka av fond vert auka med 0,640 mill. kr og mva refusjon vert auka med 0,160 mill. kr
- 16 Prosjekt FV722 Flovegen vert redusert med 20,000 mill. kr.
- 17 Endeleg finansieringsprogrammet for fylkesvegar vert slik:

Finansiering	Endeleg budsjett 2019
Førdepakken - bompengar	7,700
Førdepakken mva. komp	6,400
Førdepakken lånemidlar	20,800
Føresett mva. kompensasjon	35,913
Fondsmidlar	141,230
Låneopptak	0,000
Unytta lånemidlar 2018	27,770
Statleg tilskott - skredsikring	199,736
For mykje utbetailt 2018 - skredsikring	0,384
Føresett mva. kompensasjon, skredsikring	45,511
Sum	485,444

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:
 Fylkesutvalet sender saka tilbake til fylkesrådmannen og ber han kome med justert tilråding basert på drøftingane i møtet.

Avrøyting:

Fylkesutvalet sitt framlegg vert samrøystes vedteke.
 Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøyting.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet sender saka tilbake til fylkesrådmannen og ber han kome med justert tilråding basert på drøftingane i møtet.

SAK 104/19 Ny sak frå minsak.no: Økonomisk støtte til biomedisinsk forsking på ME

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget vurderer forslaget til å gjelde fylkeskommunen si verksemd, jf. § 2 i kommunelova.
 2. Fylkestinget vedtek å imøtekome initiativet ved å gje 45 000 kroner i økonomisk støtte til biomedisinsk forsking på ME; finansiering frå fylkesutvalet sin disposisjonskonto.
 3. Fylkestinget i Sogn og Fjordane oppmodar Stortinget om å løyve nødvendige midlar til forsking på ME, då forskinga i dag ber preg av mange hypotesar og ein kompleksitet som det må arbeidast vidare med.
 4. Fylkestinget oppmodar vidare om at det vert etablert eit fylkeslag for ME-pasientar som omfattar heile Vestland fylke.
-

SAK 105/19 Skriv og meldingar fylkesutvalet 25. november 2019

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1a: Vesentleg innvending til vedteken regional planføresegn for Sogn og Fjordane om lokalisering av handel og kjøpesenter
- 1b: Brev frå Fylkesmannen i Vestland - Vesentleg innvending til vedteken regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter
- 2a: Endring av vedtekten til Njøs Næringsutvikling AS
- 2b: Prospekt - Norsk frukt- og bærssenter
- 3a: CPMR generalforsamling i Palermo 17. -18. oktober 2019
- 3b: CPMR manifest
- 4: Takk frå TV-aksjonen NRK 2019 – CARE
- 5: Vedtak i Klagenemnda for stadnamnsaker – Strandanipetunellen
- 6: Oversendelse av vedtak frå klagenemdsekretariatet – Bustadstiftingane
- 7a: Søknad om støtte til utgreiing av mulig nytt bomvegsamband frå Midtvegen 615 AS
- 7b: Tilbod revidert rapport 2019
- 7c: Strategiplan - Midtvegen 615 2019-2023
- 7d: Trafikkanalyse fylkesveg 615
- 8: Brev frå Statens Vegvesen datert 30.10.19 - Skredsikring fv. 5730 Åstranda i Gloppen Kommune

- 9a: Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus - behov for val av nye styremedlemar
 - 9b: E-post frå Trond Einemo 04.11.19 - Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus
 - 10: E-post frå Petter Sortland 05.11.19 - Vinterstenging av fv. 92 Stordalen – Bjordal
 - 11: Spørsmål til fylkesordførar - Deloitte si rolle i samband med pågående kontroll av Ferde
 - 12a: Nasjonal transportplan 2022-2033 - Invitasjon til møte i den politiske kontaktgruppa
 - 12b: Brev frå Samferdsledepartementet datert 30.10.19
 - 13a: Førdepakken Årsrapport 2018
 - 13b: Førdepakken referat 29.03.19
 - 13c: Førdepakken referat 19.06.19
 - 13d: Førdepakken referat 04.11.19
 - 14: Referat frå synfaring med nasjonal rassikringsgruppe i Sogn og Fjordane 5. og 6. november 2019
 - 15: Brev frå Innovasjon Norge datert 13.11.19 - Innspel til kandidatar til styret i Innovasjon Norge
VEDTAK:
Fylkesutvalet sine kandidatar til styret i Innovasjon Norge er Arvid Andenæs og Trine Lerum Hjellhaug.
 - 16: Fylkestinget 10. desember
 - 17: Regionale forskningsfond - referat styreleiarmøte 01.11.19
 - 18a: Høyringsuttale til nasjonal ramme for vindkraft - Frå Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane
 - 18b: Høyringssvar nasjonal ramme for vindkraft - Frå Kraftfylka
-